



Jobbnorge-ID: 111429

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Ledig stilling som avdelingsdirektør i Bufetat, region vest

I Bufetat, region vest er det ledig ei fast 100 % stilling som avdelingsdirektør.

Regionen har stort fokus på å drive effektive og kvalitetsmessige gode tenester til brukarane våre. Bufetat er ein organisasjon som er i stand til å utvikle og implementere ny kunnskap og kompetanse. Vi ynskjer ein avdelingsdirektør som trivs med endrings- og implementeringsarbeid, som er handlekraftig og bruker ny kunnskap og forskning som fagleg plattform. Vi er i gong med store omstillingsprosessar og vidareutviklar våre tenester kontinuerleg.

Vil du vere med?

Arbeidsoppgåver/ansvarsområder

- Avdelingsdirektørane har på vegne av regiondirektøren eit overordna fag- og utviklingsansvar for regionens tenestetilbod.
- Avdelingsdirektørane skal koordinere, utvikle og implementere dei faglege standardane i etaten, i samsvar med Bufdir si strategi, nasjonale føringar, kjent kunnskap og brukarane sine behov.
- Denne stillinga vil få eit særskilt ansvar for oppfølging av «Funksjon 2», som omhandlar «barnegruppa» frå 0-12 år. Dette inkluderer ansvar for blant anna oppfølging av foreldre- og barn-sentra våre. I tillegg ligg ansvaret for oppfølging av både dei statlege og kyrkjelege familievernkontora til denne funksjonen.
- Stillinga få ansvar for einskilde områder innanfor andre barnevernsområde, som må sjåast i samanheng med relevant kompetanse hjå aktuell søkjar og arbeidsfordeling mellom dei to avdelingsdirektørane i region vest. Kva konkrete andre einingar stillinga skal følgje opp må ein difor komme tilbake til når dette er avklara.
- Utvikle samarbeid med relevante private, statlege, fylkeskommunale og kommunale aktørar i dei tre fylka som ligg under Region vest.
- Omsette nasjonale føringar og handlingsplaner innanfor regionens ansvarsområde til regionale handlingsplanar og forslag til tiltak.
- Initiere kvalitetsarbeid i einingar i samsvar med nasjonale føringar og identifiserte behov.
- Initiere nødvendig utgreiing innan funksjonsområda med utgangspunkt i identifiserte regionale behov.
- Samarbeide med Bufdir i samband med kvalitetsutvikling innanfor funksjonsområda.
- Avdelingsdirektør skal sørge for god informasjon til einingsleiarar om nasjonale og regionale føringar og sikre at regiondirektør får nødvendig informasjon om utfordringar innan funksjonen og anna aktuell informasjon.
- Skape gode prosessar samt leie, motivere og utvikle medarbeidarar.
- Følgje opp einingsleiarane innanfor eiga portefølje og sikre at faglege og driftsmessige mål vert nådd.
- Delta aktivt i den regionale leiargruppa på det strategiske plan og bidra til å finne dei gode løysingane.
- Ansvar for å initiere, lede, utvikle og følgje opp arbeidet innanfor sitt område.

Kvalifikasjonar

- Det vert kravd minimum 5 års relevant utdanning frå universitet-/høgskule tilsvarande mastergrad. Kompetanse opparbeida gjennom lang og relevant erfaring, kan i særskilte tilfelle veie opp mot kravet til utdanning.
- Det vert kravd solid fag- og leiarerfaring, gjerne frå barneverns- eller helsesektoren, samt erfaring med iverksetting av store endringsprosessar.
- God kunnskap om økonomi- og verksemdsstyring.
- Det er naudsynt med god samfunnsfagleg forståing og innsikt i statleg forvaltning
- Det vert stilt krav om generell metodisk og praktisk kunnskap om personalleiing, samt evne til å leie, motivere og utvikle medarbeidarar.
- Det er ynskjeleg, men ikkje noko krav med vidareutdanning i familierapi.
- Det er ynskeleg med tilleggstudanning i administrasjon/ leiing om dette ikkje er ein del av hovudutdanninga.
- Stillingsinnhavar må kunne bruke/ forholde seg til relevante lover, regler og retningslinjer.
- Stillingsinnhavar må kunne nytta relevante fag- og administrative IKT-system på ein effektiv måte.
- Det vert kravd svært god skriftleg og munnleg framstillingsevne.

Personlege eigenskapar

- Du er strukturert, effektiv og handlekraftig med god gjennomføringsevne.
- Du er løysings- og resultatorientert, og kan handtere utfordrande situasjonar.
- Du er fleksibel, omgjengeleg og tydeleg, med gode mellommenneskelege evner.
- Du har gode analytiske evner, samt evne til å tenke heilskap og tverrfagleg.
- Du har gode samarbeids- og kommunikasjonsevner.

- Du har høg truverdighet og integritet.
- Du er dyktig til å motivere, delegere og utvikle gode samarbeidskulturar.

Vi tilbyr

- Stillinga er plassert i statleg lønsregulativ i stillingskode 1060 avdelingsdirektør, lønstrinn 77-85 (som p.t. utgjer kr. 710 400-895 900 pr. år). Løn vert vurdert etter utdanning og erfaring. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan ein vurderer høgare lønn.
- Medlemskap i Statens Pensjonskasse jf. Lov om Statens Pensjonskasse, som inneber ei god tenestepensjonsordning, tilbod om bustadlån til gunstig rente, samt yrkesskade- og gruppelivsforsikring.

Generelle opplysningar

- Avdelingsdirektør rapporterer til regiondirektør og inngår i den regionale leiargruppa.
- Personleg eignaheit vil bli tillagt stor vekt.
- Arbeidsstad: Bergen. Stillinga inneber noe reising, men etaten har godt utbygga moderne videokonferanseutstyr i alle tenesteområda.
- Staten legg vekt på mangfald på arbeidsplassen og oppmodar kvalifiserte kandidatar til å søkja - uavhengig av alder, kjønn, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Bufetat har som eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttera personar med fleirkulturell bakgrunn.
- Politiattest vil krevjast ved tiltreding jf. Lov om barnevern §6-10, og forskrift om politiattest §6. Denne attesten skal ikkje leggjast ved søknad.
- Bufetat er ei IA (Inkluderande Arbeidsliv) verksemd.
- Vi gjer merksam på at opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført opp på søkjarlista, jf. Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova), § 25.

Kontaktperson for stillinga

- Regiondirektør Øistein Søvik, tlf. 94861333 (e-post: oistein.sovik@bufetat.no)
- Avdelingsdirektør Hilde Baardsen, tlf. 46619081 (e-post: hilde.baardsen@bufetat.no)

Søknad med CV vert å senda elektronisk via lenkje på denne sida.

Vitnemål og attestar skal takast med ved eit. intervju eller leggjast ved elektronisk.

Søknadsfrist: 2. april 2015

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: